

Kopimottaker:
Fylkesmannen i Rogaland
Postboks 59
4001 Stavanger

Vår dato:
Vår referanse:
Dykkar dato:
Dykkar referanse:

Vedtak i klagesak om produksjonstilskot for søknadsomgangen august 2014

Landbruksdirektoratet syner til klage, dagsett 20.3.2015 og 30.3.2015, på Fylkesmannen i Rogaland sitt vedtak dagsett 11.3.2015. Klaga gjelder avkorting som følgje av brot på anna regelverk. Saka vart oversendt Landbruksdirektoratet 2.6.2015.

Landbruksdirektorat tar ikkje klaga til følgje.

1. Bakgrunn for saka

Ole , har søkt om produksjonstilskot for husdyrhald, herunder storfe, for søknadsomgangene 2006-2014. Frå 2006 har verksemda vore underlagt pålegg frå Mattilsynet i medhald av dyrevelferdslova. Den 17.2.2014 vart det gjennomført ein inspeksjon på garden, der Mattilsynet, Ole med advokat og ein representant frå X var til stades. Under inspeksjonen vedtok Mattilsynet å stenge mjølkeleveransen med direkte verknad. Mattilsynet fatta vedtak dagsett 18.9.2014 om at Ole plikter å avvikle dyreholdet, samt at Ole nektes å eie, holde, bruke, omsette, slakte eller stelle storfe inntil vidare og inntil eventuell rettskraftig dom, som tar stilling til spørsmålet om forbod mot aktiviteter, foreligger». Vedtaket vart ikkje påklaga.

2. Vurderinga til Kommunen

Kommunen har i vedtak dagsett 9.1.2015 lagt til grunn at Ole har rett på produksjonstilskot for søknadsomgangen august 2014. Søknaden vart stoppa for sentral utbetaling grunna ei pågåande sak hos Mattilsynet. Mattilsynet vedtok avvikling av drifta 18.9.2014. Etersom restriksjonane fyrst vart gjeldande i etterkant av søknadsfristen for produksjonstilskot, kom kommunen til at produksjonstilskotet skulle betalast ut som omsøkt.

Kommunen vedtok ei utbetaling av tilskot til Ole på kroner 98 117,-.

3. Vurderinga til Fylkesmannen i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland førehandsvarsla søkar om mogleg omgjeriing av kommunen sitt vedtak i brev dagsett 30.1.2015. Den 11.3.2015 omgjorde Fylkesmannen i Rogaland vedtaket til *Kommunen* om produksjonstilskot. Fylkesmannen grunn gav omgjeriinga med at *Ole* har brote dyrevelferdslova ved fleire høve. Som støtte for påstanden synte Fylkesmannen til vedtaket frå Mattilsynet den 18.9.2014. Fylkesmannen kom til at *Ole* hadde vore grovt aktlaus og avkorta difor produksjonstilskotet for søknadsomgangen august 2014 med 100 prosent.

Per har på vegne av *Ole* klaga vedtaket frå Fylkesmannen i Rogaland til Landbruksdirektoratet.

4. *Ole* si framføring av saka

Ole har i hovudsak peika på at Fylkesmannen ikkje kunne leggje vedtaket frå Mattilsynet uprøvd til grunn. Klagar meiner at Fylkesmannen må bevise faktaopplysningane i Mattilsynet sitt vedtak, før desse opplysningane kan leggjast til grunn for Fylkesmannen sitt vedtak. Klagar meiner at Mattilsynet sitt vedtak er ulovleg og at vedtaket inneheld feil, inkludert at pålegga ikkje vart overheldt.

Vidare syner *Ole* til at Fylkesmannen ikkje har overheldt si rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Fylkesmannen har vidare ikkje innhenta tilstrekkeleg informasjon etter forvaltningslova § 17, og difor er ikkje det kontradiktoriske prinsipp overheldt.

Ole les ikkje brev og meiner difor at han ikkje har fått kjennskap til pålegga og vedtaka frå Mattilsynet eller Fylkesmannen. Klagar meiner at Fylkesmannen var opplyst om desse omstenda, og burde difor teke omsyn til dette.

Klagar understrekar at han ikkje hadde fått restriksjonar frå Mattilsynet på det tidspunktet han søkte om produksjonstilskot. Registreringsdatoen for produksjonstilskot var 31.7.2014, med søknadsfrist 20. august 2014, og restriksjonane frå Mattilsynet vart gjort gjeldande 17.10.2014. Dette må i følgje klagar vere avgjerande.

5. Landbruksdirektoratet si vurdering

Klaga er fremma i rett tid, jf. forvaltningslova § 29 fyrste ledd. Landbruksdirektoratet har difor adgang til å prøve alle sider av saka, jf. forvaltningslova § 34.

Saka er handsama etter forskrift 22. mars 2002 nr. 283 om produksjonstilskot i jordbruket (produksjonstilskotsforskriften). Frå 1.1.15 er forskrifta erstatta av forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Endringane rører ikkje ved dei rettslege spørsmåla i denne saka.

Landbruksdirektoratet vil med dette vurdere om Fylkesmannen si handsaming er hefta med sakshandsamingsfeil. Vidare vil vi sjå på om føretaket hadde brote anna regelverk for jordbruksverksemd ved søknadsomgangen 2014, og i kva grad føretaket var å klandre regelbrota. Avslutningsvis vurderer vi kor mykje av tilskotet som eventuelt skal avkortast.

5.1 Fylkesmannen si sakshandsaming

Det er ikkje ein sakshandsamingsfeil at Fylkesmannen opplyser klagar om saka i brevs form. Alle vedtak er sendt til føretaket si adresse. Klagar er sjølvstendig næringsdrivande og har sjølv ansvar for å følgje opp pålegg og vedtak frå offentlege instansar. Dersom klagar ikkje les breva frå offentlege instansar, må klagar sjølv kontakte den aktuelle instansen for å ta imot ytterlegare informasjon og hjelp. Fylkesmannen har overheldt rettleiingsplikta etter forvaltningslova § 11. Vidare er Mattilsynet sitt vedtak innhenta og gått gjennom. Klagar er gitt anledning til å uttale seg. Såleis er informasjonsplikten etter forvaltningslova § 17 og det kontradiktoriske prinsipp overheldt.

Landbruksdirektoratet er einig med Fylkesmannen i at det er korrekt å leggje Mattilsynet sitt vedtak til grunn for å vurdere om føretaket har brote regelverk som Mattilsynet forvaltar. Dersom klagar er ueinig i dei observasjonane og vurderingane som følgjer av Mattilsynet sitt vedtak, burde han klaga på det vedtaket. Mattilsynet sitt vedtak er ikkje påklaga, klagefristen har gått ut, og vi har heller ikkje andre grunnar til å tvile på Mattilsynet sine vurderingar.

I tillegg skal forvaltninga gjere ei sjølvstendig vurdering av kva grad føretaket er å klandre for brota på regelverket. Fylkesmannen har i si vurdering basert seg på Mattilsynet sitt vedtak, klagar sine tilbakemeldingar/kommentarar og dei øvrige omstenda i saka. Dei har gjort ei sjølvstendig skyldvurdering av verksemda uavhengig av Mattilsynets vurdering.

Landbruksdirektoratet kan med dette ikkje sjå at Fylkesmannen har gjort sakshandsamingsfeil.

5.2 Avkorting ved regelverksbrot

Grunnlaget for avkorting og tilbakebetaling ved regelverksbrot går fram av produksjonstilskotforskrifta § 12:

§ 12. Avkorting ved regelverksbrudd

Dersom foretaket driver eller har drevet sin virksomhet i strid med regelverk for jordbruksvirksomhet, kan hele eller deler av tilskuddet holdes tilbake inntil forholdet er rettet. Er det ved overtredelsen av slikt regelverk utvist grov uaktsomhet eller forsett, kan hele eller deler av tilskuddet som tilfaller foretaket avkortet.

I rundskriv 15/14 om «kommentarer til reglene om produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid —søknadsomgangen 20. august 2014» kapittel 12 er det synt til at det må vere fatta endeleg vedtak frå fagmyndigheita om brot på regelverket før forskrifta § 12 kan nyttast. Mattilsynet fatta eit slikt endeleg vedtak den 18.09.2014 i denne saka. Det er difor grunnlag for å vurdere avkorting grunna regelverksbrot.

For at Landbruksdirektoratet skal kunne avkorte i tilskot må føretaket ha opptreidd grovt aktløyse. Grov aktløyse føreligg når klagar er sterkt å klandre for regelverksbrotet, jf. Rundskriv 22/12 på side 34. At klagar har motteke pålegg om utbetringar i drifta gjentatte gonger sidan 2006 og at Mattilsynet ved fleire høve har vore på kontroll og i møte med verksemda, syner at verksemda måtte vere klar over tilstanden på garden. Det må kunne forventast av eit føretak at dyrevelferdslova blir følgt og at pålegg frå offentlege instansar blir overhaldd. Ein næringsdrivande som ikkje følgjer pålegg frå Mattilsynet og som ikkje betrar drifta i tråd med minstekrava for dyrevelferd over ein lengre periode må sjåast som å ha opptreidd sterkt klanderverdig. Landbruksdirektoratet har konkludert med, og legg difor til grunn ved utmålinga, at føretaket har vore grovt aktlaus.

Klagar kommenterer at Fylkesmannen ikkje kan avkorte tilskot som verksemda har søkt om før Mattilsynets restriksjonar vart gjeldande. Landbruksdirektoratet er ikkje einig, og meiner at det er korrekt av Fylkesmannen å avkorte i tilskotet for august 2014. Forholda som er beskrive i Mattilsynet sitt vedtak bygger på forhold påvist ved søknadsomgangen august 2014 og i forkant av søknadsomgangen. Det er såleis irrelevant om Mattilsynets reaksjonar vart gjeldande først i etterkant av søknadsfristen. Dersom føretaket har drive i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd omkring tidlegare søknadsomgangar, skulle det òg vore vurdert avkorting i tidlegare utbetalt tilskot. Landbruksdirektoratet har difor oppmoda kommunen til å vurdere om det er grunnlag for å avkorte i tidlegare

tilskotsutbetalingar. Landbruksdirektoratet har ikkje vurdert avkorting i tilskot utover søknadsomgangen august 2014 i handsaminga av denne saka.

Spørsmålet blir deretter kor stor del av tilskotet, for søknadsomgangen august 2014, som skal avkortast. Produksjonstilskotforskrifta § 12 opnar for at forvaltninga kan avkorte heile eller delar av tilskotet for den aktuelle søknadsomgangen. Det følgjer av rundskriv 15/14 kapittel 12 at produksjonstilskotet skal bli avkorta med 60-100 % der klagar har utvist grov aktløyse eller forsett. Brotets grad av alvor skal vurderast opp mot konsekvensane for føretaket ved avkorting. Vidare skal det leggast vekt på kor sentralt brotet er i høve til jordbruksproduksjonen.

I denne saka er det tale om alvorlege regelbrot over eit lengre tidsrom. Klagar har ved fleire høve latt vore å oppfylle pålegga frå Mattilsynet, til tross for at Mattilsynet har skrive over hundre pålegg til verksemda. Vi kan heller ikkje legge vekt på at verksemda ikkje les brev, da Mattilsynet har vore på kontroll kvart år sidan 2006 og vore i fleire møter med verksemda. Det er difor utenkjeleg at verksemda ikkje kan ha vore kjent med pålegga frå Mattilsynet. Vidare gjeld Mattilsynet sine vedtak brot på dyrevelferdslova, som er eit sentralt regelverk i dei jordbruksproduksjonane klagar driv. Vi legg òg vekt på at vedtaket frå Mattilsynet gjeld på ubestemt tid og at det tek frå verksemda all rett til å drive med storfe. Formålet med forskrifta § 12 er å hindra at føretak som driv regelstridig får utbetalt tilskot. Det vil virke støytande å utbetale tilskot til føretak som har fått aktivitetsnekt Alle dei momenta nemnt over taler for ein streng reaksjon.

På den andre sida har verksemda allereie motteke ein alvorlig reaksjon frå Mattilsynet på grunn av brotet på dyrevelferdslova; all drift er avvika og verksemda har ikkje anledning til å starte opp med storfeproduksjon på ny. Vidare har ikkje verksemda handla forsettleg, men grovt aktløyst, som er ein mildare skyldgrad.

Avgjerande i denne saka er at det dreier seg om eit alvorleg brot, over ein tidsperiode på åtte år utan at pålegg frå offentlig instans er etterfylgt. Det vil virke støtande på ålmenta at verksemda med ein regelstridig produksjon skal støttast med tilskotsmidler frå det offentlege. Landbruksdirektoratet har etter denne vurderinga kome til at Fylkesmannen gjorde rett i å avkorte heile tilskotsutbetalinga for augustomgangen 2014.

Vedtak

Landbruksdirektoratet tek ikkje klaga til følgje. Tilskotsutbetalinga til
Ole **blir avkorta med kroner 98 117,-.**

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. Fvl. § 28 tredje ledd.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet